

Statusrapport Utviklingsmidler for 2018

Kjelda - formidling av digital kunnskap (Ref #1f97eca0)

Søknadssum: **300 000**

Varighet: **Toårig**

Periode: **Søknaden gjelder andre prosjektår**

Saksnummer: **2017/133**

Opplysninger om søker

Organisasjonsnavn / nr

Hordaland fylkesbibliotek / 974556669

Postboks 7900

5020 Bergen

<http://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/fylkesbiblioteket/>

Institusjonens leder

Ruth Ørnholt

Ansvarlig kontaktperson (søker)

Kari Skibenes

55239374 / kari.skibenes@hfk.no

Mål for prosjektet

I prosjektet skal vi:

1. Auka kvaliteten på biblioteknettstadene i Hordaland ved at ein utnyttar potensialet som ligg i det digitale bibliotekrommet og kopla det til dagleg formidlingsarbeid
2. Integrera offentleg finansierte, digitale kjelder på folkebiblioteka sine nettstadar på ein dynamisk måte
3. Auka bruk av biblioteknettstadene i Hordaland med 50%
4. Hausta erfaringar og utvikla metodikk for korleis eit fylkesbibliotek kan bidra til at alle folkebiblioteka har aktuelle og oppdaterte nettsider med innhald av høg kvalitet.

Statusrapport Utviklingsmidler for 2018

Start- og sluttdato for prosjektet

Prosjektvarighet	Fra dato	Til dato
Toårig	15-09-2017	15-09-2019

Statusrapport

KVA ER GJORT

1. Det er etablert ei referansegruppe, og den har hatt eit møte. Grappa består av representantar frå Universitetsmuseet i Bergen, Universitetsbiblioteket, Kvinnherad bibliotek, Årstad vgs og Bergen offentlige bibliotek. Vi diskuterer i hovudsak spørsmål med individer i grappa ettersom dei har ulik kompetanse og ulik interesse av prosjektet.
2. Det er inngått avtale med Knowit (digitalbyrå) om planlegging og testing av ulike former for formidling av digitale kjelder. Samarbeid og brukaroppleving skal stå sentralt. Planlegging av marknadsføring inngår.
3. Vi har kartlagt ekisterande kjelder, og gjort eit grov-utval vi ønsker å arbeide med i prosjektet. Er i gang med å hente inn data for bruk av kjeldene. Basert på resultatata vil vi gjere eit endeleg utval vi skal jobbe grundigare med i samarbeid med Knowit.
4. Vi har førebudd to pilotar. Etter oppstartsmøte med Knowit, har vi justert pilottankegangen, og har no valt ut to nettstader som vil bli nytta til testing av ulike formidlingsformer. Ein nettstad for eit enkeltbibliotek, sett opp i eit skreddarsydd Wordpress-tema (heretter wp), og ein samarbeidsnettstad for tre bibliotek, sett opp i Webløft. Knowit kjem til å jobbe konkret med desse to nettstadene. Fylkesbiblioteket skal kopiere det som vert testa over til dei andre wp-baserte nettstadene i fylket.
5. Det er sendt ut ei spørjeundersøking til folkebiblioteka i fylket om kva for tenester dei ønsker at fylkesbiblioteket skal tilby som kan støtte dei i nettsidearbeidet. Dei er bedt om å svare på spørsmål knytt til praktisk nettsidearbeid (wp-sider), innhald og kompetanse. Vi vil lage rutiner for oppfølging av biblioteka basert på svara.
6. Prosjektgruppa har hatt møte med representantar for kjeldene Grind og Marcus om korleis vi kan samarbeide om å formidle desse kjeldene i prosjektet. Det er også semje om samarbeid med Helsebiblioteket.
7. Det er produsert innlegg til biblioteka sine nettsider om PressReader og om tryggleik på nett. Dei er lasta opp i ein artikkeldelingsbase som gjer at biblioteka kan laste den ned til sine nettstader med eit klikk.

Vi vil ha fokus på nett-tryggleik i prosjektet, og innlegget vårt kan vere med på å auke det kritiske medvitet om digitale tenester. Vi veit at eit par av biblioteka gjorde skulen merksam på artikkelen, og at skulen nytta den som støtte i undervisninga. Koplingar mot skular eller andre innlegga våre vil vere relevante for, kan vere med å spreie kjeldekunnskapen.
8. Det er sett i gong ein serie med notater som skal auke den digitale formidlingskompetansen hjå bibliotektilsette. For å gjere kompetanseheving overkommelig i kvardagen løfter vi fram 5 tips om ulike tema som er viktige når ein skal formidle på nett. Så langt har det vore skrivning for nett, bruk av bilete og universell utforming. Dette er tema vi følgjer opp i opplæring og nettsideverkstader med biblioteka.

Statusrapport Utviklingsmidler for 2018

Kompetanseheving i prosjektgruppa:

- kurs med Cristine Calvert i å skrive for nett
- møte med Synlighet AS om søkemotoroptimalisering
- møte med Bergen offentlege bibliotek om korleis dei jobbar med podkast
- nokre temamøte lokale aktørar inviterer til

KVA ER UTSETT

1. Vi har ikkje inngått samarbeid om produksjon av temaartiklar. Vi har fått mange innspel til aktuelle personar som kan spørjast om å skrive artiklar og om å halde foredrag. Nye tankar rundt pilotane gjer at vi ventar med å bestille temaartiklar til vi har gjort det endelege kjelde-utvalet.

Statusrapport Utviklingsmidler for 2018

Budsjett

Søknadsbeløp fra Nasjonalbiblioteket 300 000

Utgifter

Beskrivelse	1. prosjektår	2. prosjektår	3. prosjektår	Totalt
Arbeid med strategiene på fylkesbiblioteket	295 000	475 000	0	770 000
Kompetanseheving	50 000	50 000	0	100 000
Kjøpte tenester	190 000	100 000	0	290 000
Diverse utgifter	15 000	25 000	0	40 000
Totale utgifter	550 000	650 000	0	1 200 000

Inntekter

Beskrivelse	1. prosjektår	2. prosjektår	3. prosjektår	Totalt
Tilskudd fra Nasjonalbiblioteket	300 000	300 000	0	600 000
Fylkeskommunen (bekreftet tilskudd)	200 000	300 000	0	500 000
Kommunane	50 000	50 000	0	100 000
Totale inntekter	550 000	650 000	0	1 200 000

Vedleggsoversikt

Beskrivelse
